

*Elisabeth Eng Eibak og
Frank Haraldsen*

**Undersøking om
foreldrebetaling i barnehagar,
august 2004**

Notater

INNHOLD

1. SAMANDRAG	2
2. GENERELT OM UNDERSØKINGA	3
3. OM TABELLANE	4
4. DEFINISJONAR.....	5
5. SPESIELLE MERKNADER	5
6. KOMMENTARAR TIL TAKSTANE FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR	6
6.1 Månadssatsane på landsbasis	6
6.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner	6
6.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner	6
6.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner	7
6.5 Minimum og maksimum betalingssatsar	8
6.6 Årsbetaling på landsbasis.....	8
6.7 Årsbetaling på regionsnivå	9
6.8 Betalingssystem	9
6.9 Rabatt/friplass	9
6.10 Syskenmoderasjon	10
6.11 Kor mange gonger i året det blir betalt	10
6.12 Mat-/kostpengar	10
6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år.....	10
7. KOMMENTARAR TIL TAKSTANE FOR PRIVATE BARNEHAGAR.....	11
8. VEDLEGG	
Tabellar	13
DEI SIST UTGITTE PUBLIKASJONANE I SERIEN NOTATER	44

1. Samandrag

Gjennomsnittlege månadssatsar i kommunale barnehagar per august 2004 er redusert jamført med januar 2004. For hushald med ei brutto årsinntekt på 250 000 kroner kostar ein heildagsplass i barnehage i snitt i underkant av **2 350** kroner. Foreldrebetalingsa for inntektsnivå 375 000 ligg på i overkant av **2 650** kroner, medan satsane for inntektsnivå 500 000 kroner er tilnærma **2 700** kroner i snitt. Dette tilsvarar ein nedgang på mellom **1,5** og **3,5** prosent frå januar 2004 for alle inntektsnivåa. I forhold til satsane i august 2003 ligg foreldrebetalingsa for dei tre inntektsnivåa mellom **2,3** og **5,0** prosent lågare i august 2004. Den gjennomsnittlege minimumssatsen for heile landet er rundt **1 450** kroner, medan maksimumssatsen er om lag **2 700** kroner. Minimums- og maksimumssatsane er dei lågaste/høgaste satsane kommunane har spesifisert i sitt betalingssystem, og er i denne undersøkinga ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierar frå kommune til kommune.

For hushald med ei årsinntekt på 250 000 kroner varierer betalinga frå tilnærma **1 500** kroner i Rogaland til nærmere **2 750** kroner i Hordaland. For inntektsnivået 500 000 kroner har Finnmark den lågaste satsen med snautt **2 500** kroner medan Rogaland her har den høgaste med omkring **2 850** kroner. Variasjonen mellom fylka er mindre dess høgare inntektsnivået er, noko som har samanheng med kommunanes betalingssystem.

Foreldrebetalingsa i private barnehagar på landsbasis er i snitt i underkant av **2 700** kroner per august 2004. Jamført med august 2003 har betalingssatsane gått ned med om lag **17** prosent.

2. Generelt om undersøkinga

Denne rapporten er arbeidd fram av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet ved Familie- og barnehageavdelinga. SSB har i oppdrag å gjennomføre ei utvalsundersøking av foreldrebetalinga for heildagsopphald i kommunale og private barnehagar i januar og august kvart år. Denne datainnsamlinga vart gjennomført i august 2004 og arbeidet med datamaterialet vart avslutta i oktober 2004.

Undersøkinga og rapporten omhandlar heildagsopphald for barn over 3 år i kommunale og private barnehagar.

Dei utvalde kommunane vart bedne om å gi følgjande opplysningar for kommunale barnehagar per august 2004:

- dokumentasjon over betalingssatsar og reglar,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaltsbetalinga,
- kor mange gonger i året det blir betalt,
- eventuell rabatt-/friplassordning.

Utifrå dokumentasjonen finn SSB betalingssatsar for barn over 3 år med heildagsplass i kommunal barnehage for hushald med dei tre inntektsnivåa 250 000, 375 000 og 500 000, i tillegg til minimumssatsar og maksimumssatsar. Dei ulike inntektsnivåa representerer punktobbservasjonar ikkje intervalla.

SSB har teke imot opplysningar frå alle kommunane som vart trekte til utvalet, i alt 109 kommunar, det vil seie frå Oslo og 6 kommunar frå kvart av dei andre 18 fylka. Dette tilsvarer om lag ein fjerdedel av kommunane i landet og omfattar nesten to tredjedelar av dei kommunale heildagsplassane i landet for barn mellom 3 og 5 år.

Kommunane i landet er delt inn etter bestemte kriteria. Første kriterium er fylke, kor det er trekt 6 kommunar innan kvart fylke (ser bort frå Oslo som er eit eige område). I tillegg er det lagt vekt på å sikra ein representasjon av både by- og landkommunar.

Utvælet av private barnehagar består av om lag 170 barnehagar som er trekte frå dei fem regionane Austlandet, Agder/Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Dei private barnehagane vart bedne om å gi følgjande opplysningar for august 2004:

- betalingssats for heildagsopphald,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaltsbetalinga,
- kor mange gonger i året det blir betalt.

3. Om tabellane

Dei seks første tabellane omhandlar kommunale barnehagar. Berre tabell 7 omfattar private barnehagar. I denne undersøkinga er gjennomsnittssatsane for august 2004 og tilbake til januar 2002 vekta, i motsetnad til tidlegare gjennomsnittsutrekningar som har vorte gjort med simpelt snitt. I gjennomsnittsutrekningane blir også null inkludert som pris.

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga. Tabellen gir ei fylkesvis oversikt over førekomensten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon, eigne betalingssatsar for barn under 3 år, talet på betalingsmånader og kostpengar.

Tabell 2a Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneholder gjennomsnittlege månadssatsar etter fylke og på landsbasis for august 2003 og 2004, og prosentvis endring i månadssatsane.

Tabell 2b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneholder gjennomsnittstal for årsbetalinga etter fylke og på landsbasis for august 2003 og 2004, og prosentvis endring i årsbetalinga.

Tabell 2c Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt, viser gjennomsnittstal for heile landet for januar og august 2004, og prosentvis endring.

Tabell 3 gir ei oversikt over satsar og betalingsvilkår i august 2004 for utvalskommunane innan kvart fylke, samt utrekna årsbetaling for hushald med eit og to barn i barnehage. I tillegg er det rekna ut gjennomsnittlege augustsatsar og årsbetaling i fylket. Årsbetalinga er ein utrekna storleik gitt at augustvilkåra blir haldne uendra.

Tabell 4 Årsbetaling etter region og bruttoinntekt. Tabellen viser gjennomsnittleg årsbetaling for hushald med dei tre inntektsnivåa i tillegg til minimums- og maksimumssatsar både for eit og to barn i barnehage.

Tabell 5 Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt. 1998-2004. Tabellen viser utviklinga i månads- og årsbetaling frå januar 1998 til august 2004.

Tabell 6 Oversiktsdata for kommunale barnehagar. 1998-2004. Tabellen gir ei oversikt over utviklinga i førekomensten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon, eigne betalingssatsar for barn under 3 år og kostpengar.

Tabell 7 Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar. Tabellen opplyser om gjennomsnittleg månads- og årsbetaling for hushald med barn i privat barnehage for august 2003 og august 2004, samt prosentvis endring i satsane.

4. Definisjonar

Heildagsopphald: er den opphaldstida som kommunane til kvar tid definerer som heildagsopphald, som i all hovudsak er 41 timer per veke eller meir.

Inntektsgradering: dei satsane som er avhengig av foreldra si inntekt er definert som inntektsgraderte satsar. Dette kan også omfatte ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplassar gjennom barnehagens ordinære betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplassar gjennom andre organ fell utanfor definisjonen.

Friplass: er det som kommunane til kvar tid definerer som friplass som kan vere gjennom barnehaganes ordinære betalingssystem eller andre organ i kommunane. Ulike vilkår kan liggje til grunn for friplassane.

Minimumssats: er den lågaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Minimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

Maksimumssats: er den høgaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

5. Spesielle merknader

Rapporten gir prisar og føresetnader hovudsakeleg for barn over 3 år same kva type barnehage (vanleg barnehage, familiebarnehage). I dei tilfella ein kommune tek høgare pris for barn under 3 år, er det gjort merknad om dette i fotnote til tabellen. Vidare er det opplyst i fotnote i kva fall kommunen opererer med nettoinntekt framfor bruttoinntekt når dei fastset foreldrebetalinga.

Augustsatsane og utrekna årsbetaling i tabellane representerer punktobbservasjonar for inntektsnivåa som blir nytta, ikkje intervall.

I kommunar med inntektsavhengig foreldrebetaling kan det liggje ulike definisjonar av inntekt til grunn for fastsettjing av foreldrebetalinga. I tillegg har kommunane svært ulike system i forhold til kost og kostpengar. I den grad det er mogeleg blir kostpengar skilt ut frå månadssatsen. Men i nokre tilfelle er kostpengar inkludert i månadssatsen og derfor ikkje mogeleg å skilje ut. Dette fører til at samanlikningar av takstnivået mellom kommunar, fylke og regionar er noko uviss. Uvissa er lågare dess høgare nivå vi gjer samanlikningar på. Det er vanleg at kommunane regulerer barnehagesatsane med verknad frå 1. januar og/eller 1. august, og ved vedtak frå Stortinget. Satsane og vilkåra i denne undersøkinga er dei som gjaldt i august.

Gjer oppmerksam på at nokre data frå tidlegare målingar kan ha vorte endra i ettertid som ei følgje av nye opplysningiar. I tillegg er gjennomsnittssatsane for august 2004 og tilbake til januar 2002 vekta, i motsetnad til tidlegare gjennomsnittsutrekningar som har vorte gjort med simpelt snitt. Gjennomsnittstala i tabellane kan derfor avvike noko frå kva som har vorte publisert tidlegare. Legg særleg merke til at satsane i tabell 7 for august 2003 avviker noko frå det som vart publisert i august 2003 fordi utvalet tidlegare også inneheldt nokre korttidsbarnehagar som no er teke ut av utvalet.

6. Kommentarar til takstane for kommunale barnehagar

6.1 Månadssatsane på landsbasis


Med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner er dei gjennomsnittlege månadssatsane for august 2004, for heildagsplass i kommunale barnehagar, på landsbasis respektive **2 330**, **2 659** og **2 708** kroner. Satsane for dei same inntektsnivåa er dermed **1,5** prosent, **2,7** prosent og **3,5** prosent lågare i august 2004 enn i januar 2004. Minimumssatsen er i snitt **1 466** kroner i august 2004, medan maksimumssatsen er **2 709** kroner i same periode. Betalingssatsane omtalt her er vekta gjennomsnitt, det gjeld satsane per august 2004 og tilbake til januar 2002. Vektgrunnlaget består av talet på barn mellom 3 og 5 år med heildagplass i kommunal barnehage.

6.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner

Høgaste betalingssatsar finn ein i Hordaland med **2 748** kroner og Sør-Trøndelag **2 732** kroner. Høg betalingssats for låginnTektsgrupper kan mellom anna ha samanheng med foreldrebetalingsystemet kommunane har valt. Kommunane innan desse fylka nyttar i liten grad betalingssatsar som er avhengige av inntekta til hushaldet. Dermed er det liten prisskilnad for ein barnehageplass same kva hushaldet tener. Tilsvarande blir prisen for barnehageplassar for foreldre med låg inntekt lågast i fylka som er prega av inntektsavhengige betalingssatsar. Lågaste betalingssatsar har Rogaland med **1 503** kroner og Aust-Agder med **1 719** kroner.

Figur 1. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.

Brutto årsinntekt på 250 000 kroner. August 2004.




6.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner

Variasjonen i foreldrebetinga mellom fylka er langt mindre for inntektsnivået 375 000 enn for 250 000 kroner. Høgaste betalingssatsar for hushald med årsinntekt på 375 000 kroner har Buskerud og Oslo med **2 750** kroner begge stader. Dei lågaste betalingssatsane har Rogaland med **2 317** kroner, Finnmark med **2 481** kroner og Sogn og Fjordane med **2 485** kroner.

Figur 2. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.

Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. August 2004.




6.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner

For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner er den høgaste betalingssatsen registrert i Rogaland med **2 840** kroner. Oslo, Akershus og Buskerud følgjer deretter med gjennomsnittlege månadssatsar på **2 750** kroner. Dei lågaste betalingssatsane har Finnmark med **2 481** kroner og Nordland med **2 545** kroner.

Figur 3. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.

Brutto årsinntekt på 500 000 kroner. August 2004.



6.5 Minimum og maksimum betalingssatsar

Satsane som blir omtalt i dette avsnittet er dei lågaste og høgaste gjennomsnittssatsane for dei ulike fylka. Minimums- og maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune. Det er store variasjonar i foreldrebetinga avhengig av om kommunane nyttar inntektsgradering i betalingssystemet. Dei lågaste minimumssatsane har Rogaland med **687** kroner og Oslo med **750** kroner. Oppland har den høgaste minimumssatsen med **2 720** kroner. Dei lågaste maksimumssatsane har Finnmark og Nordland med respektive **2 481** og **2 545** kroner. Høgast maksimumssats har Rogaland med **2 840** kroner. For mange av kommunane er maksimumssatsane dei same som satsane for hushald med årsinntekt på 500 000 kroner da dei fleste kommunane i utvalet som nyttar eit inntektsgradert betalingssystem ikkje har intervall over 500 000 kroner. Minimumssatsane avviker derimot i større grad frå den lågaste punktobbservasjonen på 250 000 kroner ettersom mange kommunar nyttar inntektsgradering med lågare intervall enn 250 000 kroner.

6.6 Årsbetaling på landsbasis

Forutan månadssatsane er storleiken på årsbetalinga for eit barn i barnehage avhengig av kostpengar og talet på betalingsmånader. Årsbetalinga for to barn er i tillegg avhengig av storleiken på ein eventuell syskenmoderasjon. Med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner, er årsbetalinga på landsbasis for hushald med eit barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **26 201**, **29 804** og **30 320** kroner. I forhold til same inntektsnivå er årsbetalinga høvesvis **2,4** prosent, **3,8** prosent og **5,1** prosent lågare i august 2004 enn i august 2003.


For tilsvarande bruttoinntekter er årsbetalinga på landsbasis for hushald med to barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **43 776**, **49 711** og **50 575** kroner. I forhold til tilsvarande inntektsnivå er årsbetalinga høvesvis **1,2** prosent, **2,0** prosent og **3,1** prosent lågare i august 2004 enn i august 2003. Årsbetalinga for hushald med to barn i barnehage har dermed gått mindre ned enn årsbetalinga for hushald med eit barn i barnehage. Dette kan forklarast med ein reduksjon i syskenmoderasjonen i same periode.

6.7 Årsbetaling på regionsnivå

For hushald med årsinntekt på 250 000 kroner har Agder/Rogaland den lågaste årsbetalinga med **17 907** kroner for eit barn og **29 938** kroner for to barn i barnehage. Høgaste årsbetaling for hushald med same årsinntekt og eit barn i barnehage har Trøndelag, kor årsbetalinga er **30 166** kroner. Også for to barn i barnehage er Trøndelag dyrast med **50 837** kroner. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner varierer årsbetalinga mellom **28 728** kroner i Nord-Noreg og **30 693** kroner på Austlandet for eit barn i barnehage. Med to barn i barnehage varierer årsbetalinga mellom **46 487** kroner i Nord-Noreg og **51 344** kroner på Austlandet.

Den lågaste minimumssatsen har Agder/Rogaland med **10 359** kroner for eit barn i barnehage på årsbasis, og **17 259** kroner for to barn. Trøndelag har dei høgaste minimumssatsane med eit og to barn i barnehage på respektive **29 766** og **50 157** kroner.

Figur 4. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn i kommunal barnehage etter region og samla brutto årsinntekt, og minimums- og maksimumssatsar. August 2004.



6.8 Betalingssystem

74 av 109 kommunar har "flate" månadssatsar, det vil si at satsen ikkje er differensiert etter hushaldet si inntekt. Dei andre kommunane har inntektsgraderte månadssatsar. Nokre av desse kommunane graderer betalingssatsane etter Folketrygdas grunnbeløp. Ettersom grunnbeløpet blir oppjustert kvart år, vil eit hushald med konstant inntekt før eller sidan få lågare opphaldbetaling. Friplass og redusert foreldrebetaling som blir tilbudd hushald med lav inntekt gjennom barnehagens ordinære betalingssystem er i denne undersøkinga også definert som inntektsgradert betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplassar gjennom andre organ fell utanfor definisjonen.

6.9 Rabatt/friplass

94 av kommunane i utvalet tilbyr friplassar, økonomisk hjelp eller rabatt. Dette tilsvarer om lag **86** prosent av utvalet. I overkant av **27** prosent av desse kommunane tilbyr friplassar gjennom det ordinære betalingssystemet sitt. Om lag **19** prosent av kommunane tildeler friplass etter separat behandling ved det organ som har opptaksfullmakt, og rundt **67** prosent av kommunane tilbyr friplass etter særskilt behandling. Særskilt behandling kan til dømes skje via sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor. (Summen av

prosentpoenga går over 100 fordi nokre kommunar tilbyr friplassar etter fleire av behandlingsmåtane.) Dei resterande 15 kommunane har inga rabattordningar.

6.10 Syskenmoderasjon

Alle kommunane i utvalet gir syskenmoderasjon. Det er 31 kommunar som gir 50 prosent syskenmoderasjon til barn nummer to, medan det i august 2003 var 47. Det er ingen kommunar som tilbyr over 50 prosent i syskenmoderasjon. I hovudsak gir kommunane ikkje syskenmoderasjon på mat-/kostpengar.

6.11 Kor mange gonger i året det blir betalt

I utvalet er det 103 kommunar som har foreldrebetaling for heilårsopphald fordelt på 11 månadlege betalingar. 1 kommune har 10 betalingar og 5 kommunar har 12 betalingar.

6.12 Mat-/kostpengar

62 av 109 kommunar krev inn mat-/kostpengar separat. Undersøkinga tek berre omsyn til dei tilfella kor mat-/kostpengar blir spesifisert nærmare. I undersøkinga er det ikkje teke med kostpengar som er avtalt direkte mellom den enkelte barnehagen og dei føresette. Dette fører til at samanlikningane av månadssatsane og årsbetaling mellom kommunar, fylke og regionar kan vere noko usikre.

6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år


6 kommunar i utvalet har høgare betalingssats for barn under 3 år, medan det tilsvarande talet i januar 2004 var 15 kommunar.

7. Kommentarar til takstane for private barnehagar

For august 2003 og august 2004 er det rekna ut landsgjennomsnitt der dei ulike regionane er vekta saman på bakgrunn av talet på barn mellom 3 og 5 år i private barnehagar. Innan regionane er det teke eit simpelt snitt.

Den gjennomsnittlege månadssatsen i private barnehagar på landsbasis er **2 686** kroner per august 2004. Dette er ein nedgang på heile **17,1** prosent frå august 2003. Satsane varierer mellom dei ulike regionane frå **2 600** kroner i Trøndelag til **2 730** kroner på Vestlandet.


Figur 5. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region og betalingsår. Private barnehagar. August 2003 og august 2004¹.



For hushald med eit barn i barnehage varierer årsbetalinga i private barnehagar for august 2004 mellom **29 981** kroner i Nord-Noreg og **31 535** kroner på Vestlandet. Den gjennomsnittlege årsbetalinga for heile landet er **31 076** kroner i august 2004, som er ein nedgang på **16,6** prosent frå august 2003. For hushald med to barn i barnehage ligg årsbetalinga mellom **50 935** kroner i Nord-Noreg og **54 913** kroner på Vestlandet. På landsbasis er gjennomsnittssatsen **53 638** kroner, ned **18,8** prosent frå same tid i fjar.

¹ Satsane som gjeld for august 2003 er basert på utvalet for august 2004.

Figur 6. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region, barnehagetype og hushaldet si samla brutto årsinntekt. August 2004.



For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 250 000 kroner, er årsbetalinga for kommunal barnehageplass i Agder/Rogaland og på Austlandet respektive **43,2** og **18,2** prosent lågare enn gjennomsnittleg årsbetaling i private barnehagar. Årsaka til dei store skilnadene mellom satsane i private og kommunale barnehagar for ein hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner er mellom anna meir utbreidd bruk av inntektsgraderte betalingssystem i kommunale barnehagar enn i private. Også for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner er det størst skilnad mellom satsane i kommunale og private barnehagar i Agder/Rogaland. Satsane i kommunale barnehagar ligg også noko lågare enn i dei private for hushald med årsinntekt på 500 000 kroner, men skilnaden mellom regionane er langt mindre.

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga

Fylke	med i undersøkinga	Talet på kommunar i fylket						
		med inntekts- graderte månads- satsar	med egne satsar for barn under 3 år	med flate månads- satsar	med sysken- modera- sjon	som bruker kost- pengar	med 11 betalings- månader	
Østfold	6	1	0	5	6	6	5	
Akershus	6	6	0	0	6	3	5	
Oslo	1	1	0	0	1	0	1	
Hedmark	6	0	0	6	6	4	6	
Oppland	6	0	1	6	6	4	6	
Buskerud	6	3	0	3	6	4	6	
Vestfold	6	3	0	3	6	3	6	
Telemark	6	4	3	2	6	3	6	
Aust-Agder	6	3	0	3	6	3	6	
Vest-Agder	6	6	0	0	6	4	6	
Rogaland	6	4	0	2	6	2	4	
Hordaland	6	1	0	5	6	1	6	
Sogn og Fjordane	6	1	0	5	6	4	5	
Møre og Romsdal	6	0	0	6	6	2	5	
Sør-Trøndelag	6	1	0	5	6	5	6	
Nord-Trøndelag	6	0	0	6	6	4	6	
Nordland	6	0	0	6	6	3	6	
Troms	6	0	1	6	6	2	6	
Finnmark	6	1	1	5	6	5	6	
I alt	109	35	6	74	109	62	103	
I alt i prosent		32,1	5,5	67,9	100,0	56,9	94,5	

Tabell 2 a Gjennomsnittlige månadssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
Østfold					
aug.03	1980	2667	2758	2758	2758
aug.04	2003	2632	2713	2713	2713
Pst. endring	1,2	-1,3	-1,6	-1,6	-1,6
Akershus					
aug.03	856	2441	2782	2906	2922
aug.04	828	2406	2674	2750	2750
Pst. endring	-3,3	-1,4	-3,9	-5,4	-5,9
Oslo					
aug.03	600	1800	2700	2700	3000
aug.04	750	2000	2750	2750	2750
Pst. endring	25,0	11,1	1,9	1,9	-8,3
Hedmark					
aug.03	2480	2740	2740	2740	2740
aug.04	2337	2629	2629	2629	2629
Pst. endring	-5,7	-4,0	-4,0	-4,0	-4,0
Oppland					
aug.03	2918	2918	2918	2918	2918
aug.04	2720	2720	2720	2720	2720
Pst. endring	-6,8	-6,8	-6,8	-6,8	-6,8
Buskerud					
aug.03	1142	1952	2711	3040	3434
aug.04	1134	2162	2750	2750	2750
Pst. endring	-0,7	10,8	1,4	-9,5	-19,9
Vestfold					
aug.03	1078	1982	2581	2977	2977
aug.04	963	1904	2741	2741	2741
Pst. endring	-10,6	-3,9	6,2	-7,9	-7,9

Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
Telemark					
aug.03	934	2389	2847	3106	3106
aug.04	807	2060	2562	2571	2571
Pst. endring	-13,6	-13,8	-10,0	-17,2	-17,2
Aust-Agder					
aug.03	1259	1855	2983	2983	3031
aug.04	1104	1719	2645	2645	2688
Pst. endring	-12,3	-7,3	-11,3	-11,3	-11,3
Vest-Agder					
aug.03	1460	1890	2668	2683	2725
aug.04	1558	1959	2730	2740	2740
Pst. endring	6,7	3,7	2,3	2,1	0,5
Rogaland					
aug.03	655	1938	2670	2916	3120
aug.04	687	1503	2317	2840	2840
Pst. endring	4,9	-22,5	-13,2	-2,6	-9,0
Hordaland					
aug.03	1122	2845	2845	2845	2845
aug.04	1047	2748	2748	2748	2748
Pst. endring	-6,7	-3,4	-3,4	-3,4	-3,4
Sogn og Fjordane					
aug.03	1728	2557	2557	2769	2769
aug.04	1635	2485	2485	2697	2697
Pst. endring	-5,4	-2,8	-2,8	-2,6	-2,6
Møre og Romsdal					
aug.03	3041	3041	3041	3041	3041
aug.04	2684	2684	2684	2684	2684
Pst. endring	-11,7	-11,7	-11,7	-11,7	-11,7

Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
Sør-Trøndelag					
aug.03	3055	3102	3119	3119	3119
aug.04	2683	2732	2732	2732	2732
Pst. endring	-12,2	-11,9	-12,4	-12,4	-12,4
Nord-Trøndelag					
aug.03	2743	2743	2743	2743	2743
aug.04	2661	2661	2661	2661	2661
Pst. endring	-3,0	-3,0	-3,0	-3,0	-3,0
Nordland					
aug.03	1979	2407	2529	2586	2586
aug.04	2143	2545	2545	2545	2545
Pst. endring	8,3	5,7	0,6	-1,6	-1,6
Troms					
aug.03	2817	2817	2817	2817	2817
aug.04	2646	2646	2646	2646	2646
Pst. endring	-6,1	-6,1	-6,1	-6,1	-6,1
Finnmark					
aug.03	2058	2310	2671	2815	3248
aug.04	2446	2446	2481	2481	2481
Pst. endring	18,9	5,9	-7,1	-11,9	-23,6
Heile landet totalt					
aug.03	1491	2385	2763	2851	2949
aug.04	1466	2330	2659	2708	2709
Pst. endring	-1,7	-2,3	-3,8	-5,0	-8,2

Tabell 2 b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

		Årsbetaling, inkludert kostpengar									
Fylke		Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
		Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
Østfold											
aug.03	22632	30191	31191	31191	31191	36862	48956	50557	50557	50557	
aug.04	24865	31781	32675	32675	32675	43028	54787	56305	56305	56305	
Pst. endring	9,9	5,3	4,8	4,8	4,8	16,7	11,9	11,4	11,4	11,4	
Akershus											
aug.03	10222	27694	31483	32891	33061	17968	50618	56457	58643	58898	
aug.04	9498	26878	29838	30673	30673	16044	45413	50346	51765	51765	
Pst. endring	-7,1	-2,9	-5,2	-6,7	-7,2	-10,7	-10,3	-10,8	-11,7	-12,1	
Oslo											
aug.03	6600	19800	29700	29700	33000	9900	29700	44550	44550	49500	
aug.04	8250	22000	30250	30250	30250	14025	37400	51425	51425	51425	
Pst. endring	25,0	11,1	1,9	1,9	-8,3	41,7	25,9	15,4	15,4	3,9	
Hedmark											
aug.03	28314	31175	31175	31175	31175	48610	53473	53473	53473	53473	
aug.04	26684	29894	29894	29894	29894	45574	51033	51033	51033	51033	
Pst. endring	-5,8	-4,1	-4,1	-4,1	-4,1	-6,2	-4,6	-4,6	-4,6	-4,6	
Oppland											
aug.03	33539	33539	33539	33539	33539	56810	56810	56810	56810	56810	
aug.04	31323	31323	31323	31323	31323	53662	53662	53662	53662	53662	
Pst. endring	-6,6	-6,6	-6,6	-6,6	-6,6	-5,5	-5,5	-5,5	-5,5	-5,5	
Buskerud											
aug.03	13444	22355	30861	34475	38805	22819	36656	49691	55112	61608	
aug.04	13699	25004	31470	31470	31470	23298	40726	50615	50615	50615	
Pst. endring	1,9	11,9	2,0	-8,7	-18,9	2,1	11,1	1,9	-8,2	-17,8	
Vestfold											
aug.03	12494	22439	29037	33387	33387	19860	35595	45654	52386	52386	
aug.04	11311	21658	30864	30864	30864	18437	34364	48639	48639	48639	
Pst. endring	-9,5	-3,5	6,3	-7,6	-7,6	-7,2	-3,5	6,5	-7,2	-7,2	

Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
Telemark										
aug.03	11187	27196	32229	35080	35080	17266	41280	48830	53105	53105
aug.04	9783	23568	29086	29187	29187	15334	36011	44289	44439	44439
Pst. endring	-12,5	-13,3	-9,8	-16,8	-16,8	-11,2	-12,8	-9,3	-16,3	-16,3
Aust-Agder										
aug.03	14184	20742	33151	33151	33682	22969	33197	52027	52027	52931
aug.04	12399	19162	29355	29355	29823	19784	30483	45966	45966	46761
Pst. endring	-12,6	-7,6	-11,5	-11,5	-11,5	-13,9	-8,2	-11,7	-11,7	-11,7
Vest-Agder										
aug.03	16198	20933	29493	29649	30115	25909	33456	47128	47363	48060
aug.04	17341	21762	30240	30343	30343	29405	36852	51208	51363	51363
Pst. endring	7,1	4,0	2,5	2,3	0,8	13,5	10,2	8,7	8,4	6,9
Rogaland										
aug.03	6874	19889	27525	30006	32047	11730	34441	47792	52127	55699
aug.04	7615	16361	25088	30316	30316	12726	27570	42402	51286	51286
Pst. endring	10,8	-17,7	-8,9	1,0	-5,4	8,5	-20,0	-11,3	-1,6	-7,9
Hordaland										
aug.03	12356	31308	31308	31308	31308	19017	47445	47445	47445	47445
aug.04	11526	30241	30241	30241	30241	19598	51414	51414	51414	51414
Pst. endring	-6,7	-3,4	-3,4	-3,4	-3,4	3,1	8,4	8,4	8,4	8,4
Sogn og Fjordane										
aug.03	20101	29740	29740	32077	32077	32410	48123	48123	51629	51629
aug.04	19053	28943	28943	31280	31280	30725	46864	46864	50370	50370
Pst. endring	-5,2	-2,7	-2,7	-2,5	-2,5	-5,2	-2,6	-2,6	-2,4	-2,4
Møre og Romsdal										
aug.03	34413	34413	34413	34413	34413	61946	61946	61946	61946	61946
aug.04	30691	30691	30691	30691	30691	51753	51753	51753	51753	51753
Pst. endring	-10,8	-10,8	-10,8	-10,8	-10,8	-16,5	-16,5	-16,5	-16,5	-16,5

Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
Sør-Trøndelag										
aug.03	36190	36697	36883	36883	36883	63383	64145	64424	64424	64424
aug.04	29750	30294	30294	30294	30294	50471	51395	51395	51395	51395
Pst. endring	-17,8	-17,4	-17,9	-17,9	-17,9	-20,4	-19,9	-20,2	-20,2	-20,2
Nord-Trøndelag										
aug.03	30981	30981	30981	30981	30981	52056	52056	52056	52056	52056
aug.04	29810	29810	29810	29810	29810	49283	49283	49283	49283	49283
Pst. endring	-3,8	-3,8	-3,8	-3,8	-3,8	-5,3	-5,3	-5,3	-5,3	-5,3
Nordland										
aug.03	22610	27322	28656	29284	29284	36727	43794	45796	46738	46738
aug.04	23841	28261	28261	28261	28261	39191	45821	45821	45821	45821
Pst. endring	5,4	3,4	-1,4	-3,5	-3,5	6,7	4,6	0,1	-2,0	-2,0
Troms										
aug.03	31127	31127	31127	31127	31127	48147	48147	48147	48147	48147
aug.04	29461	29461	29461	29461	29461	48956	48956	48956	48956	48956
Pst. endring	-5,4	-5,4	-5,4	-5,4	-5,4	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7
Finnmark										
aug.03	24133	26903	30874	32462	37223	37997	42152	48109	50491	57632
aug.04	28384	28384	28774	28774	28774	44372	44372	44957	44957	44957
Pst. endring	17,6	5,5	-6,8	-11,4	-22,7	16,8	5,3	-6,6	-11,0	-22,0
Heile landet										
aug.03	17064	26843	30991	31950	33023	28299	44298	50706	52204	53846
aug.04	16692	26201	29804	30320	30326	27958	43776	49711	50575	50587
Pst. endring	-2,2	-2,4	-3,8	-5,1	-8,2	-1,2	-1,2	-2,0	-3,1	-6,1

Tabell 2 c Gjennomsnittlige månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt

	Månadssats, utan kost				Årsbetaling, inkludert kostpenger			
	Bruttoinntekt kr.				Eit barn, bruttoinntekt kr.			
	Min	250000	375000	500000 Maks	Min	250000	375000	500000 Maks
Heile landet								
jan.04	1456	2364	2732	2805	2904	16727	26691	30739
aug.04	1466	2330	2659	2708	2709	16692	26201	29804
Pst. endring	0,7	-1,5	-2,7	-3,5	-6,7	-0,2	-1,8	-3,0
						-3,9	-7,0	-0,2
						-2,5	-2,8	-3,5
						-6,4		

Tabell 3

Østfold

Kommunenavn	Månedssats uten kostspengar for bruttoinntekt					Taler på innbet. pr. år	Kost- pengar pr. måned 1. sysken	Moderasjon i prosent	Arsbetaling inkludert kostspengar			To barn, bruttoinntekt					
	Eit barn, bruttoinntekt			Eit barn, bruttoinntekt					Eit barn, bruttoinntekt			To barn, bruttoinntekt					
	Min	250000	375000	500000	Maks				Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000
Eidsberg	2650	2650	2650	2650	2650	11	270	30	32120	32120	32120	32120	32120	55495	55495	55495	55495
Råde	2750	2750	2750	2750	2750	11	200	30	32450	32450	32450	32450	32450	55825	55825	55825	55825
Fredrikstad	1290	2583	2750	2750	2750	11	250	30	16940	31163	33000	33000	33000	29623	56925	56925	56925
Moss	2750	2750	2750	2750	2750	11	240	30	32890	32890	32890	32890	32890	56705	56705	56705	56705
